

Årsmelding for 2016

Styret valt på årsmøtet 06.03.16

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Harry Solberg (ikkje på val)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (vald for 2 år)	2: Tor Henrik Mannsåker (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Håkon Tverdal (vald for 2 år)	Valnemnd: Øystein Kambestad (leiar), Turid A. Solberg og Gunvor Øvregård

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivar. I 2016 hadde styret 12 møte. Medlem av språkdelingsgruppa i Odda kommune Terje Kollbotn har delteke på mange styremøte. Kollbotn er gruppeleiar for Raudt i Odda kommunestyre og medlem av Hordaland fylkesting.

Medlemstal: 145; dette er ein tilbakegang på 4 frå 2015.

Økonomi: Inntektene til Odda Mållag var i 2016 246 885,21 kr, medan utgiftene var 228 914,60 kr.

Sørfjorden Målungdom:

I styret sit Liva Thiis (leiar), Eirun Flaten Sandvin og Eivind Øyre Trones. Laget har 8 medlemmar.

Tilskipingar:

Ope møte etter årsmøtet 06.03.16:

På møtet innleidde styremedlem i Noregs Mållag Haakon Aase om utfordringar i mållagsarbeidet. Med på møtet var m.a. Ole Jørgen Jondahl (rådmann i Odda), Marit Langås (konsulent på skulekontoret i Odda), Terje Kollbotn og Jarle Vangen (begge medlem i språkdelingsgruppa i Odda kommune). Framtida til Odda-modellen var eit sentralt tema på møtet.

06.10.16: Kulturkveld med Tom Roger Aadland:

Aadland framførte Dylan-tekstar på nynorsk. Tilskipinga var på Odda bibliotek og var eit samarbeid mellom Odda bibliotek og Odda Mållag.

13.11.16: Kulturkveld i Ungdomshallen:

Odda i manns minne vart presentert. Bidragsytarane fekk påskjøning. Program elles: musikk og allsong, tippetevling: «12 rett om Odda-historia» med bilete frå NVIM, bokutlodding og boksal.

Møte med Odda vidaregåande skule 07.04.16:

Tema: Målbruken på skulen.

Med på møtet var: Øyvind Bjørkevoll (rektor), Turid B. Hauso (assisterande rektor), Jane Myhre (avdelingsleiar), Geir Rønningen (avdelingsleiar), Johannes H. Sekse (leiar i Ullensvang mållag), Borghild Grønsnes (foreldrerepresentant og mållagsmedlem), Liva Thiis, Eirun F. Sandvin og Eivind Trones (dei tre siste frå Sørfjorden målungdom).

Møtet tok utgangspunkt i:

Retningslinene for målbruken ved Odda vidaregåande skule:

- All kommunikasjon ut frå skulen (også interne oppslag og intern kommunikasjon på skulen) skal vere på nynorsk.
- Prøver skal vere på begge skriftspråka.
- Lærarane skal bruke det nynorske katetereksemplaret.
- Oppmode om at eigeprodusert undervisningsmaterieil blir tilbode på nynorsk.
- Oppmode lærarane om å bruke nynorsk på tavla.
- Skulen vil arrangere kurs i nynorsk.

Mellom anna lova administrasjonen å skipa til eit kurs/motiveringskurs i nynorsk for lærarane, men enno er ikkje dette kurset gjennomført.

Arbeidet med å berga språkdelinga på Odda ungdomskole:

I 2016 vart språkdelingssaka lyfta opp på eit nasjonalt plan. 17. juni fremja seks stortingsrepresentantar eit framlegg om å sikra alle elevar i grunnskulen rett til opplæring i hovudmålet sitt. Dei seks var: Kjersti Toppe (Sp), Magne Rommetveit (Ap), Geir Toskedal (KrF), Audun Lysbakken (SV), Terje Breivik (V) og Liv Signe Navarsete (Sp).

Leiaren i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, vitja Odda 29. og 30. august 2016:

Program for vitjinga:

Måndag 29.08.:

Kl. 17.45: Møte med **den utvida språkdelingsgruppa** om framtida til Odda-modellen.

Møtestad: Odda rådhus

Ordførar Roald Aga Haug innleier.

Kl.19.00–21.00: Ope møte i Ungdomshallen. Arrangørar: Odda kommune og Odda Mållag

Møteleiar: ordførar Roald Aga Haug

På saklista:

Odda-modellen som nasjonal ordning og lokal framtid:

Jf. føreliggande Dokument 8-forslag i Stortinget om endring av Opplæringslova § 2–5

Innleiing av Terje Kollbotn^{1*}: Kvar står vi, kvar går vi?

Nynorsk for innvandrarar:

Lektor Steinar Kristensen, lærar på vaksenopplæringa i Odda, innleier.

Stortingsrepresentant Kjersti Toppe (Sp) og fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn (R) vert med på begge møta. Alle partia i Hordaland er inviterte til å delta på møta 29. og 30. august.

Tysdag 30.08.:

09.00–09.45: Aasbrenn, stortingsrepresentant Kjersti Toppe og fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn møter rådmannen i Odda, Ole Jørgen Jondahl, og fungerande oppvekstsjef i Odda, Jon Olav Stadheim. Stadheim er òg rektor på vaksenopplæringa i Odda. Truleg vert ordførar Roald Aga Haug med på møtet. Andre saker enn språkdelinga vert òg tekne opp på møtet.

10.00–10.45: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire har møte med styret i Sørfjorden Målungdom og elev Salma Yousef Ahmed. Salma går andre året på program for studiespesialisering (allmennfagleg studieretning). Ho kjem frå Sudan, bur på Lofthus og er småbarnsmor. I styret i Sørfjorden Målungdom sit Liva Thiis, Eirun Flatén Sandvin og Eivind Øyre Trones.

11.00–11.40: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire møter administrasjonen på Odda ungdomskole.

11.45–12.20: Aasbrenn, Toppe og Kollbotn med fleire har møte med administrasjonen på Odda vidaregåande skule. Leiaren i Odda Mållag, Knut O. Dale, deltek på dette møtet.

Alle møta er eit samarbeid mellom Odda kommune og Odda Mållag

14.00: Aasbrenn har møte med LO i Indre Hardanger på LO-kontoret i Odda.

Ein samrøystes Utdanningskomité fekk Stortinget med seg og vedtok 22.11.16:

^{1*} Innleiinga til Kollbotn kan ein høyra på heimesida til Odda Mållag.

«Stortinget ber regjeringa utreie ei endring av opplæringslova § 2-5 og andre moglege tiltak som kan sikra elevar på ungdomsskulen rett til opplæring på hovudmålet og rett til å høyra til ei eiga målformgruppe, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.» Departementet har frist på seg til å koma med innstilling i vårsesjonen 2017.

Framfor budsjettmøtet til Odda kommunestyre sende Odda Mållag eit brev til alle kommunestyrerepresentantane. Brevet vart òg trykt i Hardanger Folkeblad 21.12.16 og lyder slik:

Noregs framtid er i skulestova!

Klasserommet er den viktigaste læringsarenaen for ein oppveksande generasjon. I Odda krins har språkdelt klassar i heile grunnskulen vore eit gode for slekt etter slekt heilt fram til skuleåret 2016/17. Dette har vore eit gode for både nynorsk- og bokmålelevane. Språkdelinga har vore med på å gjera oddaelevane til kompetente og dugande skrivarar og lesarar. Språkdelt klassar tek vare på språklege rettar, styrkjer læremiljøet i klassane og førebyggjer mobbing for alle elevane anten dei går i nynorsk eller bokmål – som det heiter i Odda.

Saka er og i ferd med å vinna fram i Stortinget.

Odda Mållag oppmodar Odda kommunestyre om å finna midlar til språkdelinga på Odda ungdomskole for skuleåret 2017/18.

I budsjettmøtet 21.12.16 fann ikkje Odda kommunestyre midlar til å halda oppe språkdelinga skuleåret 2017/2018. Det gjorde dei heller ikkje for skuleåret 2016 /2017. Dette skuleåret gjeld det 8. klasse, og til neste år vil opphevinga av språkdelinga gjelda både for både 8. og 9. klasse.

Nynorsk i skulen:

61 % av elevane i grunnskulen i Odda har nynorsk opplæringsmål. Framfor innskrivinga hadde Odda Mållag to lysingar i Hardanger Folkeblad. (Dette talet er litt vanskeleg å forstå sidan berre 9 elevar byrja med bokmål på Odda barneskole hausten 2016. Men tilbakegangen på 6 % kan kanskje skuldast mange nye innvandrarar.)

Nynorsk i vaksenopplæringa:

I Odda er bokmål opplæringsmålet i vaksenopplæringa. Saka vart teken opp på møtet 29.08.16, der Steinar Kristensen frå vaksenopplæringa i Odda innleidde om saka^{2*}. Kristensen meiner at ein medverkande grunn til at nynorsk ikkje vert brukt i Odda, er mangel på nynorske læremiddel.

Odda kommunestyre vedtok 26.10.16 å senda følgjande brev til:

Hardangerrådet
Hordaland fylkesting
Det norske Storting

Krav om nynorske læremiddel i vaksenopplæringa

Odda kommunestyre stør brevet frå Odda vaksenopplæring ved klubben i Utdanningsforbundet om at læreverka må kome til nynorskbrukarar på alle nivå i vaksenopplæringa.

Odda kommunestyre ber Hardangerrådet, Hordaland fylkesting og Stortinget om å stø dette kravet.

Vedtaket vart fatta på bakgrunn av den opplevde situasjonen når det gjeld tilgang til nynorske læremiddel til vaksenopplæring for flyktningar, asylantar, arbeidsinnvandrarar og innvandrarar elles som treng språkopplæring.

Odda kommune er i dag ein språkleg nøytral kommune med ein nynorsk majoritet i grunnskulen. Frå og med 2020 skal kommunen saman med Ullensvang herad og Jondal kommune – som begge er nynorskkommunar – bli til Ullensvang kommune. Nye Ullensvang kommune skal vera ein nynorsk kommune med om lag 11 500 innbyggjarar.

Odda kommune ser det slik at det er viktig for alle innvandrarar å få opplæring i nynorsk i eit nynorsksamfunn. Effektane av det vil slå positivt ut på mange nivå – frå å meistra kvardagen med leksehjelp til barna, til arbeidsoppgåver, til rett oppfatning av informasjon frå det offentlege og i møte med offentlege tenestemenn, til integrering og bygging av sosiale nettverk. I det heile vil kompetanse i nynorsk gjera det lettare å bli integrert i lokalsamfunnet inkl. framtidig busetjing.

I praksis trur eg ikkje – dersom målsettinga har skal nåast på rimeleg tid – at det er nokon veg utanom å lovfesta kravet om at læremidla skal liggja føre til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål.

^{2*} Lydopptak av ordsiftet om saka er lagt ut på heimesida til Odda Mållag.

Med undervisningsmaterieil på begge målformer kan kvar kommune då bestemma om den skal gi vaksenopplæring på bokmål, nynorsk eller begge deler. I dag føreligg ikkje dette som eit reelt val.

Eg ber med dette på vegner av kommunestyret i Odda om at Hardangerrådet, Hordaland fylkesting og Stortinget stør Odda kommunestyre sitt initiativ og set makt bak kravet ved å gå inn for at læremiddel til vaksne framandspråklege skal vera tilgjengeleg på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris.

Det er i pakt med reell likestilling av dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål og dei demokratiske rettar som fylgjer av det.

Ole Jørgen Jondahl – rådmann i Odda

Kopi:
Utdanningsdirektoratet
Kunnskapsdepartementet

Vitjing av Live Havro Bjørnstad, prosjektmedarbeidar i Hordaland Mållag, 17.10.16:

Program: Møte med styret i Sørfjorden Målungdom; informasjon om Odda-modellen og målbruken på Odda vidaregåande skule (her var Borghild Grønnesnes, Liva Thiis, Solveig Grønlien og Knut O. Dale òg med); styremøte i Odda Mållag.

Før møtet med Sørfjorden Målungdom møtte Live Havro Bjørnstad rådmannen i Odda, Ole Jørgen Jondahl. Dei samtala m.a. om læremiddel for innvandrarar.

Skriftspråk i den nye storkommunen Ullensvang:

Frå 2020 vert Jondal, Odda og Ullensvang éin kommune. I intensjonsavtalen er det vedteke at det administrative skriftspråket skal vera nynorsk.

Fråsegn om administrasjonsmål i Vestlandsregionen:

29.11.16 sende Odda Mållag denne fråsegna til Hordaland fylkeskommune:

Jon Fosse seier: «Vestlandet er utenkjeleg utan nynorsken, og nynorsken er utenkjeleg utan Vestlandet.» Me er samde med den verdskjente dramatikaren frå Strandebarm. Nynorsken er ein del av den vestnorske identiteten, og må vera ein sjølvstøtt grunnstein i den nye regionen Vestlandet. Det er den felles vestnorske identiteten som ber fram den nye regionen. Fylka er svake som identitetsmarkørar. Rett nok har vi omgrepet «rogalending», men «hordalending» er om lag ukjent og «sogn- og fjording» er eit heilt ukjent omgrep. Talemål og skriftspråk er viktige identitetsmarkørar. Vestnorsk har mange dialektar og fasettar, men alle er vestnorske, og ligg tett opp til nynorsk. Av dei tre fylkeskommunane er det to som nyttar nynorsk, medan Rogaland er språkleg nøytral. Ein parallell til dette vert den vedteke samanslåinga av Jondal, Odda og Ullensvang. Odda er i dag språkleg nøytral. Nynorsk administrasjonsspråk er lagt inn i intensjonsavtalen for den nye kommunen mest utan diskusjon. Me trur nynorsk er ein viktig føresetnad for ein vellukka Vestlandsregion. Samstundes vil eit nynorsk Vestland styrka nynorsken si stilling i forvaltinga også i ein nasjonal kontekst. Me meiner såleis nynorsk er det klart beste valet.

Styret i Odda Mållag ved Knut O. Dale, leiar.

Me kan ta med at dei tre språkneøytrale kommunane i Hordaland, Bergen, Askøy og Odda, alle har bede om at nynorsk skal vera administrasjonsmålet i den nye fylkeskommunen.

I fråsegna frå Odda kommune – vedteken i kommunestyret mot 4 røyster – om intensjonsavtalen for det nye fylket (Vestlandsregionen), som då omfatta Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, står det m.a.:

Odda kommune vil ha nynorsk som administrasjonsspråk i den nye regionen. Det vil synleggjera og definera regionen i nasjonal samanheng, og stø opp under den vestlandske identiteten på ein positiv måte og danna ei byggjande motkraft til språkleg einsretting i ein nasjonal kontekst.

Sterk Vestlandsidentitet hos innbyggjarane og nye kommunikasjons-/samferdsleårer gjer denne eininga naturleg som eit kraftfullt element i vidareutviklinga av Vestlandet.

Heile saka/uttalen er å finna på Odda Mållag si heimeside. **Strategimøte om sidemålet 02.12.16 på Flesland.:**

I samarbeid med Noregs Mållag arrangerte Odda Mållag dette strategimøtet om sidemålet.

Innleiarar^{3*}:

Dagfinn Rødningen: Språkrådet sitt syn på sidemålsopplæringa med bakgrunn i retningsgjevande språkpolitiske dokument.

Tor Egil Furevikstrand: Retningslinjer for sensurering av eksamensstilar på studiespesialiserande studieretning. Korleis skal me tolka desse retningslinjene?

Øyvind Indrebø: Framtida for nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen fell bort. Eit innlegg med eit norskfagleg perspektiv og eit scenarioperspektiv.

Hilde Gjester Hoel: Korleis me kan ta vare på nynorskelevane i skulen, og særleg i den vidaregåande skulen. (Gjester Hoel hadde ikkje høve til å delta, men ho las inn ei innleiing som me fekk høyra på møtet).

Asle Sætre: Målbyte kring Bergen og utfordringar for nynorskelevane i språkdelte område.

Knut O. Dale: Endringar i eksamensordningar og læreplanar: politiske krav.

Magne Aasbrenn: Noregs Mållag og sidemålsstilen. Kva er den beste strategien i møte med dei politiske partia?

Pål Kårbø: Kva vil henda med nynorsken på Vestlandet om sidemålsstilen vert avskaffa?

Gunhild Berge Stang: Korleis vil det gå med nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen fell bort?

Oppsummering: Vegen framover: strategitenking

Ordstyrar: Vagleik Brekke

Andre møtedeltakarar:

Peder Lofsnes Hauge – medlem i styret i Noregs Mållag, Astrid Olsen – leiar i Hordaland Mållag, Live Havro Bjørnstad – prosjektmedarbeidar (skrivar) i Hordaland Mållag, Arild Reigstad – medlem i styret i Hordaland Mållag og i skulemålsnemnda til Hordaland Mållag, Oddvar Skre – leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag

Utsendingar på møte og tilskipingar:

Knut O. Dale deltok på eit målseminar i Sogndal 25.–26.02.16.

Dale, saman med Terje Kollbotn, var med på eit seminar i Knarrvik 07.03.16 der temaet var nynorsk for innvandrarar.

Årsmøtet i Hordaland Mållag 11. og 12.03.16 på Herdla. Frå Odda Mållag møtte Håkon Tverdal, Harald Jordal, Knut O. Dale og Solveig Grønlien. Solveig Grønlien er nestleiar i Hordaland Mållag.

På årsmøtet innleidde leiaren i Sørfjorden Målungdom, Liva Thiis, og assisterande rektor på Odda vidaregåande skule, Turid B. Hauso. Thiis tok føre seg språkdelinga på Odda ungdomskole, medan Hauso orienterte om målbruken på Odda vidaregåande skule. Hauso er medlem i Odda Mållag.

På årsmøtet til Karmsund Mållag i Haugesund 17.03.16 orienterte Terje Kollbotn, Solveig Grønlien og Knut O. Dale om Odda-modellen.

På landsmøtet til Noregs Mållag i Bergen 15.–17.04.16 møtte Harald Jordal, Terje Kollbotn og Knut O. Dale. Solveig Grønlien var utsending for Hordaland Mållag.

På seminaret til Hordaland Mållag 19.11.16 deltok Solveig Grønlien og Knut O. Dale frå Odda.

Odda Mållag på Røldalsmarknaden 18.–19.06.16:

Solveig Grønlien var til stades og selde nynorskbøker og nynorskeffektar frå standen til Odda Mållag. Med sitt gode, blide og vinnande vesen fremja ho målsaka i møte med marknadsfolket.

Målprisen 2015:

^{3*} Innleiingane frå møtet er lagde ut på heimesida til Odda Mållag.

Tor Henrik Mannsåker fekk Målprisen for 2015. Prisen var ei påskjøning for eit livslangt engasjement for nynorsk i m.a. ungdomslag og kommunal teneste. Prisen vart utdelt på kulturkvelden 13. november og er eit trykk av Solfrid Aksnes.

Vervetiltak:

16.12.16 hadde Odda Mållag lysing i Hardanger Folkeblad med tanke på å få fleire medlemar.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Anders Bergsbakken fekk Mållagsprisen for dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule. Prisen er på 2 500 kr. Til Hognestad-tilskipinga i Bergen løyvde Odda Mållag 1 000 kr. Til Radio Folgefonn løyvde styret 1 000 kr. Nye journalistar i Hardanger Folkeblad har fått boka *Vandring i gammal og ny tid* av Norvald Vethe.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1030 bøker, og alle bøkene er selde. Det er ei utfordring å selja heftet, sidan bokhandelen i Odda er nedlagd. Harry Solberg la ned eit storarbeid med organiseringa av salet.

Fjellvitreglane:

Mållag omsette dei nye reglane til nynorsk.

Odda

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

Etterord:

- Somme saker er viktigare enn andre. Ei slik sak er sidemålsstilen. I denne saka må og skal Noregs Mållag klårt og tydeleg seia kva laget meiner. Diverre gjekk det i sommar ut eit brev frå skivarstova til dei politiske partia som var illojalt mot vedtak på dei tre siste landsmøta i Noregs Mållag. I brevet opnar Noregs Mållag i praksis for å avskaffa den skriftlege sidemålsseksamen. Dette brevet er enno ikkje trekt tilbake. Slike tilhøve kan vi ikkje lenger leva med.
- 02.12.16 skipa Odda Mållag saman med Noregs Mållag til eit strategimøte om sidemålsstilen på Flesland. Innleiingane på møtet er lagde ut på heimesida til Odda Mållag. Etter dette møtet er det endå meir grunn til å vera uroa over framtida til sidemålsstilen og sidemålsopplæringa i skulen. Og éin ting er nokså sikkert: Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som offisielt, allment og jamstelt skriftspråk i Noreg.
- Me vonar og har, med Dokument 8-framlegget sendt over til departementet, grunn til å tru at Odda-modellen kan verta ei allmenn ordning i landet for dei ungdomsskulane/kommunane som har bruk for han. Det er gledeleg at sentrale høgrefolk òg tek målbytet i skulen på alvor. Det gjeld både kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen og stortingsrepresentant Norunn Tveiten Benestad. Saka er no hjå kunnskapsministeren, og frametter har me eit arbeid å gjera for å få gjennomslag for argumenta både hjå ministeren og stortingspolitikarane.
- Siste året har nynorske læremiddel for innvandrarar vorte sett på dagsorden, m.a. etter at landsmøtet i Noregs Mållag kravde at slike læremiddel skal koma ut samstundes både på nynorsk og bokmål. Noregs Mållag meiner at dette må lovfestast. Det var Odda Mållag som tok opp denne saka på landsmøtet.

Odda i manns minne kom ut for 25. gong i 2016. Odda Mållag er særst takksame for den innsatsen og det arbeidet som skriftstyret og Harry Solberg gjer.

Odda 23.01.17

Styret i Odda Mållag